

TIL DISTRIKTSSTYRET

OSLO 20.4.76.

DIREKTIV OM FERIEAVVIKLING

Kameratar,

Bakgrunnen for direktivet er at ein i samband med sumarferie, jul/påske har sett at organisasjonsapparatet i royna har vorti oppløyst. Dette har hatt store og skædelige konsekvensar. Klassekampen har fått segle sin eigen sjo, planleggingsarbeid har liggi brakk, mobilisering-til store oppgåver som 1.mai og 21.august har liggi nede. og partipropagandaen har vorti trappa sterkt ned.

Grunnen til slike oppløysingstendensar har dels vore vantande sentrale liner for avvikling av feriane og dels vore revisjonistiske/liberalistiske avvik hjå kadern. Hjå mange kadrar eksisterar det ideear av typen "eg har krav på ferie", "eg må få disponere fritida mi som eg vil" osv. Slike ideear står i motstrid til at partiet må fungere effektivt til eitkvart tidspunkt og under alle høve. Dette er det overordna prinsippet. Mao seier om liberalismen: "Opphavet til liberalismen er småborgerskapets eienkjærlege, egoistiske natur, som skyv sine eigne interesser i forgrunnen og interessene til revolusjonen i bakgrunnen. Nett dette er kjelda til liberalismen i ideologien, i politikken og i organisatoriske spørsmål". Særleg skadeleg er liberalismen hjå sentrale kadrar og hjå partifunksjonærane. Utan slagkraftige sentrale organ fungerer ikkje partiet og liberalistiske feil i ledelsen skader grunnorganisasjonane og deira arbeid. Om ikkje DS fungerer vert store deler av organisasjonen adskilt frå partileiinga og sett ut av funksjon.

FRÅ I DAG GJELD SOLEIS FØLJANDE DIREKTIV:

1. Partiorganisasjonen skal til ei kvar tid fungere effektivt. Dette er overordna alt som heiter ferie. Ferieavvikling skal aldri oppløysa DS eller svekke det slik at oppgåvene ikkje vert løyste fullt ut. Tyder det at ein sender ein eller flere kameratar på ferie at oppgåvene ikkje vert løyst, vert det ikkje snakk om ferie. DS kadre må vera budde på at DS eller SK kallar dei heim frå ferie om ein finn dette nausynt.
2. For partifunksjon ærar i eller under DS finst det ikkje noko "rett til ferie". Dette undergraver prinsippet om effektivite og partiets evne til å fungere til ei kvar tid. Samstundes treng kadern fri og kvile for å kunne gjera god jobb. Ferie må difor aviklast slik at det ikkje skader arbeidet til sentrale utval og til partifunksjonærane.
3. For DS medlem inkludert partifunksjonærar gjeld prinsippet at dei skal ha 3 vekers ferie om sumaren derav 1 veke på sumarleir, eller på liknande oppgåver for partiet. Andre feriar finst det i prinsippet ikkje. Finn utvalet at ein kamerat kan reise bort i jula eller påsken, må utvalet vera i stand til å løyse oppgåvene sine. Slike ekstraferiar må ikkje strekke seg ut over dei vanlege helgedagane. (I påska t.d. skjærtorsdag til 2.påskedag.) Monstrar ein kamerat av for ein 2 vekers påskeferie og DS finn dette i orden, har kameraten gjennomført den vanlege ferien sin.
4. Treng ein ferie av velferdsgrunnar, skal ein søke DS om permisjon.
5. DS legg planar for sumaren 76 i samband med dette direktivet. DS skal vera inntakt med fungerande AU heile sumaren. Minst mogleg kadrar skal vera vekke til same tid. Féllesferie finst ikkje i partiorganisasjonen.
6. DS skal godkjenne alle feriar og permisjonar

Arbeidsutvalet.